

20.08.2025

Angvik Prosjektering AS
Fabrikkvegen 20
6636 Angvik

post@angvik-prosjektering.no

Merknader og innspel til oppstartsmelding detaljregulering Bersås industriområde sør, Molde kommune

Vi viser til melding om oppstart av planarbeid v/Angvik Prosjektering av 7.7.2025.

Formålet med planarbeidet er å regulera del av gnr/bnr 235/1 i Molde kommune til industri/næring med tilhøyrande adkomst. Arealet innafor planområdet er i dag sett av til LNF i kommuneplanens arealdel.

Vi har følgjande kommentarar/innspel:

1)Jordvernomsyn er ikkje tilstrekkeleg ivaretatt i det innleiande planarbeidet. Bevaring av dyrka og dyrkbar mark er ei overordna nasjonal interesse. Dette er klart nedfelt i ei rekke overordna styringsdokument og må koma klart sterkare fram i her, ettersom regulering/utbygging i samsvar med oppstartsmelding har klart negativ veknad på mulighet for oppdyrking og mulighet for utviding av eksisterande landbruksdrift. Området må difor vera sett av til LNF også i framtida.

2)Det manglar vurdering av alternativ plassering/lokalisering og begrunnelse for dei ulike alternativa. Vi meiner at ulempene er langt større enn fordelane med å endra planstatus for området slik det her blir lagt opp til.

Vår konklusjon blir difor at framlegget slik det ligg føre må avvisast og at det må arbeidast langt grundigare med å finna egna lokalisering.

Med helsing
JORDVERN MØRE OG ROMSDAL

Øystein Solli

Atle Frantzen

Kopi:
Molde kommune
post@molde.kommune.no